



# Møteprotokoll

## Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023

- Behandling i møte ikke offentleg i saker som er merka med dette

---

Møtedato: 13.11.2020 kl. 09:00

Møtestad: Digitalt - KR VMR6

Arkivsak: 19/04260

Til stades: Halvor Nordhaug, Jan Ove Fjellveit, Oddny Irene Miljeteig, Vemund Atle Øiestad, Nora Sætre Baartvedt, Per Hilleren, Solaug Anita Apelthun Sæle, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Astrid Fylling, Kjersti Gautesen Norheim

Møtande  
varamedlemmer:

Forfall: Nora Baartvedt var med på halve møtet, deltok på sak 54-58/20 og sak 68/20

Andre:

Protokollfører: Jan Ove Fjellveit

	Side
<b>SAKSLISTE</b>	
<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	
<u><a href="#">54/20</a></u> Saksliste 13.11.2020	2
<b>Godkjenning av protokoll</b>	
<u><a href="#">55/20</a></u> Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 30.09.2020	3
<u><a href="#">56/20</a></u> Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 16.09.2020	3
<b>Saker til behandling</b>	
<u><a href="#">57/20</a></u> Innhenting av opplysingar om samlivsform	3
<u><a href="#">58/20</a></u> Bjørgvin bispedømeråd - Konsekvensar av Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafelleskap	4
<u><a href="#">59/20</a></u> Høyringsuttale frå Bjørgvin bispedømeråd - Kvalifikasjonskrav for vigsla stillingar	5
<u><a href="#">60/20</a></u> Høyring om valordning for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd	6
<u><a href="#">61/20</a></u> Kyrkjevalet - overordna problemstillingar - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd	7
<u><a href="#">62/20</a></u> Høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd til forslag til forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer	13

<u>63/20</u>	Høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd til forslag til regelverk om langtidsutleige av kyrkjer Bjørgvin bispedømeråd - høringsnotat - endringer i kirkeordningen	16
<u>64/20</u>	og enkelte andre regler (1) Kirkeordning for Den norske kirke	16
<b>Orienteringssaker</b>		
<u>65/20</u>	Høyring om særskilte reglar for digital førehandsstemming - uttale frå Bjørgvin bispedømeråd	17
<u>66/20</u>	Uttalelse fra LO Vestlands regionkonferanse.	17
<u>67/20</u>	Delegerte vedtak - Bjørgvin bispedømeråd møte 13. november 2020	18

### **Tilsettingssaker**

<u>68/20</u>	Tilsetjing - sokneprest i Sogn prosti med Hafslo, Solvorn og Fet og Joranger som tenestestad – Behandling i møte ikkje offentleg etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd	18
--------------	--	----

Bergen, 19.11.2020

Jan Ove Fjellveit  
Stiftsdirektør

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **54/20 Saksliste 13.11.2020**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	54/20

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste.

## **Godkjenning av protokoll**

### **55/20 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 30.09.2020**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	55/20

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner protokoll fra 30.09.2020

### **56/20 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 16.09.2020**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	56/20

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner protokoll fra 16.09.2020

## **Saker til behandling**

### **57/20 Innhenting av opplysingar om samlivsform**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	57/20

## **Forslag til vedtak**

### **Alternativ 1**

Bjørgvin bispedømeråd vil ikke lenger hente inn opplysingar om søkerar sin samlivsform og vil fjerne denne setninga frå sine utlysingstekstar.

### **Alternativ 2**

Bjørgvin bispedømeråd held fram med praksis om å hente inn opplysingar om samlivsform ved tilsetjing av prestar og prostar i Bjørgvin bispedøme.

Følgjande setning skal nyttast i desse utlysingstekstane:

«Opplysingar om samlivsform vil kunne bli henta inn og vektlagd, jf. Likestillings- og diskrimineringsloven § 30.»

### **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

#### **Votering**

Alternativ 1 – 8 stemmer  
Alternativ 2 – 2 stemmer

#### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vil ikke lenger hente inn opplysingar om søkerar sin samlivsform og vil fjerne denne setninga frå sine utlysingstekstar.

#### **58/20 Bjørgvin bispedømeråd - Konsekvensar av Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafelleskap**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	58/20

#### **Forslag til vedtak**

Bjørgvin bispedømmeråd ønsker å legge Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafelleskap (Sak BM 59/20) til grunn ved fremtidige ansettelser i bispedømmet.

### **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

#### **Votering**

Alternativt forslag: Bjørgvin bispedømeråd understreker at det er mangel på søkere til prestestillinger. En vil derfor ansette kvalifiserte søker, også de med et konservativt bibelsyn. BB forutsetter at biskopen finner ordninger som gjør at samarbeidproblem blir minimalisert, uansett årsak.

Falt mot 2 stemmer

Bjørgvin bispedømmeråd legg Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafelleskap (Sak BM 59/20) til grunn ved fremtidige tilsettinger i bispedømmet.

Vedtatt med 7 stemmer mot 3 stemmer

Tillegg: Unntak herfra kan skje ved skifte av arbeidsstad for de som allereie er tilsette i rettssubjektet Den norske kyrkja.

Samrøystes

Bispedømmerådet seier seg leie for at somme kvinner i presteteneste har opplevd nedvurdering av sitt kall. Trukket

Bispedømmerådet vil aktivt fremme eit arbeidsmiljø der kvinner og menn gjensidig opplever anerkjennelse av si presteteneste  
Samrøystes vedtak

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd legg Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafellesskap (Sak BM 59/20) til grunn ved framtidige tilsetjingar i bispedømet.

Unnatak frå dette kan skje ved skifte av arbeidsstad for dei som allereie er tilsette i rettssubjektet Den norske kyrkja.

Bispedømerådet vil aktivt fremje eit arbeidsmiljø der kvinner og menn gjensidig opplever anerkjennelse av si presteteneste

### **59/20 Høyringsuttale frå Bjørgvin bispedømeråd - Kvalifikasjonskrav for vigsla stillingar**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	59/20

### **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

#### **Votering**

Samrøystes vedtak

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedøme sitt svar på høyring om kvalifikasjonskrav til vigsla stillingar:

1. Bjørgvin bispedømeråd gir tilslutning til utvalet sitt forslag om at ordninga med kyrkjeleg evalueringsnemnd for prestar med alternativ kompetanse (evalueringsnemnda § 5 og § 6) opphører og vert erstatta med eit meir detaljert kompetanse/utdanningskrav for dei som ikkje har cand.theol.graden, så det vert føreseieleg om alternativ kompetanse kan godkjennast.
2. Bjørgvin bispedømeråd er samd i utvalet sitt framlegg om kompetansekrav for prest for personar med alternativ utdanning.

3. Bjørgvin bispedømeråd er samd med utvalet at ein tar vekk høve til å godkjenna personar med ein særleg kompetanse utan formelle krav til utdanning (§ 6) då det har vist seg at kriteria er krevjande å forhalda seg til og denne unntaksparagrafen har blitt tolka ulikt både av biskopane og internt i nemnda. Det er og prinsipielt vanskeleg å ha ei ordning der arbeidsgjevar gjennom vedtak i ei nemnd kan velja å sjå bort frå dei vanlege kompetansekrava til ei faggruppe som det elles blir stilt krav om utdanning på masternivå til, når det ikkje finst tilsvarende ordning i nokon samanliknbar gruppe korkje i kyrkja eller elles i samfunnet.
4. Bjørgvin bispedømeråd er samd i at utdanningsnivået for kateket, diakon og kantor skal vidareførast på same nivå som i dag.
5. Bjørgvin bispedømeråd gir tilslutning til at ordninga med at Kyrkjerådet skal godkjenna alternativ kompetanse opphører.
6. Bjørgvin bispedømeråd har desse kommentarane
  - a. Bjørgvin bispedømeråd vil framheve det som ligg i det tekniske omgrepene i forslaget «i eller utenfor graden». Det betyr at all relevant kompetanse som finst innanfor ramma av ei eksisterande mastergrad kan nyttast vidare, og at manglende kompetanse kan leggast til i tillegg. Ein treng ikkje starte på ein ny mastergrad. Dette er vesentleg og forenklande.
  - b. Bjørgvin bispedømeråd vil som ein kommentar til pkt 4.1.4 i utgreiinga (s. 43) understreke at både Kyrkjerådet og Bispemøtet bør vere med å utforme kva som skal krevjast av særlege fag/tillegg for prestar frå utlandet for å bli prest i Noreg.
  - c. Bjørgvin bispedømeråd bed Kyrkjerådet med utgangspunkt i mandatet pkt 2.2. d og e (s.13) om å greie ut om og korleis Den norske kyrkja bør ha innverknad på innhaldet i dei kyrklege utdanningane, og om og kva slags rolle Bispemøtet skal ha i høve til å ha innverknad på innhaldet i den praktisk-teologiske utdanninga.
  - d. Bjørgvin bispedømeråd bed om at Kyrkjerådet gjennom desse endringane arbeider vidare med å sikre ein heilskapleg ordning for prestevikarar som kombinerer prestevikarteneste og studie med tanke på framtidig teneste i kyrkja.
  - e. Bjørgvin bispedømeråd støttar forslaget om at gjeldande «Forskrift for kvalifikasjonskrav for tilsetting som prest i Den norske kirke» vert oppheva, og at nye kvalifikasjonskrav blir sett inn i «Tjenesteordning for menighetsprester» til erstatning for noverande § 3.

## **60/20 Høyring om valordning for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	60/20

### **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

#### **Votering**

Alternativ: Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å gje høyringssvar i sak om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. Bjørgvin bispedømeråd støttar fleirtalsval.

Votering: 2 stemmer

Forslag til vedtak

Votering: 7 stemmer

#### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å gje høyringssvar i sak om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett.

Bjørgvin bispedømeråd meiner preferanseval gjev eit valresultat som er meir i samsvar med veljarane sine ønske enn det eit fleirtalsval gjev. Dei praktiske utfordringane med å gjennomføra oppteljinga, er ikkje større enn at det går an å få til gode system som bøter på dette før valet i 2023. Kyrkjerådet bør greia ut løysingar på tekniske og økonomiske utfordringar før det blir gjort eit vedtak.

## **61/20 Kyrkjevalet - overordna problemstillingar - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	61/20

### **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Alternativt forslag til vedtak, Karl Johan Kirkebø: Bjørgvin bispedømeråd sitt høringssvar:

2. Modell for listevalg ved valg av leke til bispedømmeråd og kirkemøte.

Bjørgvin bispedømeråd ønskjer modell B som valordning for kyrkjevalet i 2023.

Erfaringane med assymetriske lister frå vala i 2015 og 2019 viser etter vår mening at ei ordning med sjølvstendige nomineringsgrupper som stiller til val bør verta normalen i val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Kun dersom det ikkje er nokon

nomineringsgruppe som stiller til val bør det settast ned ein nominasjonskomite i bispedømet. Det bør og regelfestast at nomineringsgrupper kan be om innspel på kandidatar frå sokna.

Merknader til dette spørsmålet.

Alle modellar har styrker og veikskaper. Modell B vil rydde av vegen mange av utfordringane frå vala i 2015 og 2019. Samtidig kan det stillast spørsmål om modellen kan vere uheldig om det berre vert stilt ei liste. Bjørgvin bispedømeråd vil likevel at kyrkja både skal forutsette og legge til rette for at valet til bispedømeråd og Kyrkjemøtet framover skal skje mellom alternative lister som samlar seg om eit felles program. Valet i 2019 viser at lister alt har etablert seg og at fleire grupperingar har lyst til å vere med å utvikle det kyrklelege demokratiet vidare og gje veljarane opplyste og tydelege alternativ å velgje mellom

Votering:

Saksframlegg med modell A2 – 5 stemmer  
Kirkebø sitt forslag med modell B – 4 stemmer

### 3. Mulighet for å supplere lister og kandidater ved valg til menighetsråd

Hvilket alternativ ønsker dere:

Bjørgvin bispedømeråd vil tilrå modell to og at det vert opna for supplerande nominasjon uansett kor mange kandidatar det er på lista.

### 4. Kommunikasjon om lister og kandidater ved valg til menighetsråd

Bjørgvin bispedømmeråd tilrår alternativ ein. Det bør verte slått fast at det er listene sjølv som har hovedansvaret, samtidig som kyrkja tar på seg ei rolle i arbeidet for å opplyse medlemmane om valet og dei ulike alternativa.

Merknader til dette spørsmålet

Dette er eit spørsmål for å informere medlemmane om valet der det er argument for dei ulike alternativa. Kommunikasjonen om dei ulike listene sitt program og kandidater bør i all hovedsak vere listene sitt ansvar. Samtidig kan det vere utfordrande for grupperingane som stiller til val å nå alle medlemmene i kyrkja. Det talar for at kyrkja har eit medansvar og kva dei ulike listene står for.

### Kap. 5 Tid og stad for val

Alternativ 1: Kyrklelege val skal haldast samtidig med, og i lokale i umiddelbar nærleik av, val til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre. Dette bør vidareførast og fastsettast i kyrkevalreglane - 2 stemmer

Alternativ 2:

Ut frå prinsippet om lik handsaming av ulike trus- og livssynssamfunn, og med eit ønske om å skilje tydeleg mellom kyrklelege og statlege/kommunale organ, meiner Bjørgvin bispedømeråd at kyrkja sine val ikkje bør skje på same tid og i eit nærliggande lokale til dei offentlege vala. – 7 stemmer

## Kap. 6. Personvalreglar

Fortsatt sperregrense og stemmetillegg ved val av sokneråd

Samrøystes

Fortsatt sperregrense og stemmetillegg ved val av bispedømeråd

Votering:

1 stemme for fortsatt sperregrense og stemmetillegg  
8 stemmer mot sperregrense og stemmetillegg

## **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd sender digitalt høyringssvar innan fristen 30. november med dei endringar som kom fram i møtet.

(Fullstendig høyringssvar står ikkje i protokollen, men er lagt inn i denne nettversjonen):

**Kyrkjevalet - overordna problemstillingar - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd vedteke i møte 13. november 2020.**

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å gje høyringssvar om overordna problemstillingar knytt til kyrkjevalet.

## **Kap. 2 Modell for listeaval ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet**

*Modell A: Nominasjonskomiteens liste og andre lister, forbedra utgåve av dagens ordning*

*Modell B: Modell med utgangspunkt i sjølvstendige lister. Det blir sett opp ein nominasjonskomite dersom det ikkje kjem inn andre lister.*

*I tillegg er det i sak til Kyrkerådet, KR 56/20 skildra ytterlegare to modellar som ikkje er med i høyringsnotatet, fordi dei blir sett på som meir kompliserte:*

*Modell C: Tek utgangspunkt i sjølvstendige lister, med nominasjonskomité ved berre ei liste.*

*Modell D: Tek utgangspunkt i sjølvstendige lister, med listekomité ved berre ei liste (skal få fram ei liste med ein annan kyrkjepolitsk profil enn den første lista)*

### **Høyringsspørsmål listeaval:**

Hvilken modell ønsker du/dere? [A / B / Ingen av dem / Ingen mening]

Framlegg til vedtak: A2 – vedteke med 5 stemmer

Mindretallet på 4 stemmer ønskjer modell B

Har du/dere merknader til spørsmålet om modellvalg?

### **[Fleirtalet sine merknader**

Modell A2 Ei felles liste sett saman av innspel frå kyrkjepolitiske nominasjonsgrupper og sokneråd.

For å unngå problemet med asymmetriske lister der du ved å stemma på nominasjonskomiteens liste risikerer å gje stemme til kandidatar du slett ikkje er enig med, foreslår vi ein alternativ modell med berre ei liste.

Denne modellen tek omsyn til at kyrkjevalet er eit personval, noko som også viser seg i valordninga ved at ein kan gje tilleggsstemme til inntil tre kandidatar. Vårt inntrykk er at ein del sokneråd til dømes vil ha inn ein lokal kandidat, ein kandidat dei kjenner og har tillit til, til dels uavhengig av kyrkjepolitiske synspunkt. I og med at dei fleste veljarane ikkje har oversyn over kva saker som blir aktuelle i valperioden, ønskjer dei ein person dei har tillit til som dei trur kan ta stilling til desse sakene på ein god måte. Samstundes er det viktig å kunna identifisera kandidatar ein er enig med, noko denne modellen også gjer mogeleg.

- Kvar nomineringsgruppe og nominasjonskomiteen får foreslå inntil 14 namn
- Kandidatane på lista er merka med kva nomineringsgruppe dei er foreslått av evt. som soknerådkandidat/nominasjonskomiteens kandidat.
- Lista kan vera sirkulær, så ingen står øvst eller nedst. Kandidatane kan elles grupperast etter f.eks. forslagsstillarar.
- Kvar kandidat får ei stemme, tre kandidatar kan få ekstrastemme av veljarane. Dette er gjeldande ordning ved soknerådsvalet og ved bispedømerådsvalet i 2015 i dei bispedøma der det berre var ei liste.
- Ulempe: Lista kan bli lang.
- Fordel: Ein unngår listestemmer og dermed at nokon stemmer på ein kandidat dei ikkje vil ha inn.
- Ein unngår også risiko for å gå tom for ei liste eller at valet ikkje er hemmeleg fordi det går an å sjå kva liste ein har brukt.
- Med denne modellen, kan ingen kandidatar førehandskumulerast. Det gjev meir makt til veljarane enn til nomineringsgruppene der ein kan risikera at veldig få personar set opp ei liste og bestemmer rekkefølgja.
- Den praktiske gjennomføringa av valet vil bli enklare når det er berre ei liste.
- Modell A2 må gjerne ha forenkla ordning med val av nominasjonskomite, som foreslått i modell B. Dette vil vera effektivt og kan gjennomførast utan store fysiske møte i prostiet.
- Ein slik modell medfører at fristen for å ha klar ei liste blir halden, ein treng ikkje ha ein andre runde dersom det berre blir liste frå ei nomineringsgruppe eller ingen lyster i det heile (modell C og D)
- Kandidatane representerer til saman nokså stor breidde.

#### **Mindretallet sine merknadar:**

Erfaringane med assymetriske lister frå vala i 2015 og 2019 viser etter vår mening at ei ordning med sjølvstendige nomineringsgrupper som stiller til val bør verta normalen i val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Kun dersom det ikkje er nokon nomineringsgruppe som stiller til val bør det settast ned ein nominasjonskomite i bispedømet. Det bør og regelfestast at nomineringsgrupper kan be om innspel på kandidatar frå sokna.

Alle modellar har styrker og veikskaper. Modell B vil rydde av vegen mange av utfordringane frå vala i 2015 og 2019. Samtidig kan det stillast spørsmål om modellen kan vere uheldig om det berre vert stilt ei liste. Bjørgvin bispedømeråd vil likevel at kyrkja både skal forutsette og legge til rette for at valet til bispedømeråd og Kyrkjemøtet framover skal skje mellom alternative lister som samlar seg om eit felles program. Valet i 2019 viser at lister alt har etablert seg og at fleire grupperingar har lyst til å vere med å utvikle det kyrkjelege demokratiet vidare og gje veljarane opplyste og tydelege alternativ å velgje mellom]

**Har du/dere merknader til forslaget om forenklet ordning for valg av nominasjonskomité?**

[Vi støttar denne ordninga]

**Kap. 3 Høve til å supplere lister og kandidatar ved val til sokneråd**

*Dagens ordning er at det skal opnast for supplerande nominasjon når lista til soknerådsvalet innheld for få namn. Kyrkjerådet foreslår at det blir opna for supplerende nominasjon uansett kor mange som står på lista.*

**Høyringsspørsmål supplering:**

Fire alternativ:

1. Fortsette dagens ordning, med supplerende nominasjon bare ved for få kandidater.
2. Åpne for supplerende nominasjon uansett hvor mange kandidater det er på Nominasjonskomiteens liste.
3. Åpne for en utsatt frist for innlevering av lister fra andre grupper.
4. Åpne for både supplerende nominasjon uansett og en utsatt frist for innlevering av lister fra andre grupper.

**Hvilket alternativ ønsker du/dere? [Støttar kyrkjerådet si innstilling, alternativ 2]**

Har du/dere merknader til dette spørsmålet?

[Supplerande nominasjon er enklare enn å stilla eiga liste i tillegg til nominasjonskomiteen si liste, og det opnar for meir engasjement rundt soknerådsvalet. Det er truleg lite realistisk å forventa meir enn ei liste dei aller fleste stader, og då er dette ein enkel måte å tilby alternativ på. Det er ein fordel at ein kan opna for supplerende nominasjon uansett kor mange nominasjonskomiteen har på lista i utgangspunktet, for å unngår vi ein «dersom-viss» regel som er vanskeleg å kommunisera.]

**Kap. 4 Kommunikasjon om lister og kandidatar ved val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet**

*Høyringsnotatet har tre alternativ*

*Alternativ 1: Samme ordning som i 2019, men med noen forbedringer. Listene har hovedansvaret, men valgrådet skal utarbeide en felles presentasjon som blir tilgjengelig digitalt og fysisk i valglokalene.*

*Alternativ 2: Valgrådet utarbeider en presentasjon som inneholder informasjon om lister og kandidater. Hver liste får anledning til å skrive en kort tekst om listen som blir brukt i presentasjonen. Hver enkelt kandidat får mulighet til å skrive en kort tekst som svar på spørsmålet «Hva vil du jobbe for hvis du blir valgt?»*

*Alternativ 3: Alt ansvaret for å presentere lister og kandidater ligger hos listene. Listenes materiale kan legges i valglokalet, også hvis ikke alle listene har levert materiale. Kirkevalget.no vil måtte ha lenke til listenes nettsider.*

### **Høyringsspørsmål kommunikasjon**

Hvilket alternativ ønsker du/dere? [Alternativ 1]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet?

[Dette er eit spørsmål for å informere medlemmane om valet der det er argument for dei ulike alternativa. Kommunikasjonen om dei ulike listene sitt program og kandidatar bør i all hovedsak vere listene sitt ansvar. Samtidig kan det vere utfordrande for grupperingane som stiller til val å nå alle medlemmene i kyrkja. Det talar for at kyrkja har eit medansvar om kva dei ulike listene står for.]

### **Kap 5 Tid og stad for val**

#### **Høyringsspørsmål tid og stad for val**

**Kirkeloven § 4 fastsatte at «kirkelige valg holdes samtidig med, og i lokaler i umiddelbar nærhet av, valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre».**

**Bør denne bestemmelsen videreføres?**

[Alternativ 1 Ja, dette bør fastsettes i kirkevalgreglene.

Alternativ 2 Nei ]

Alternativ 2 fekk 7 stemmer, alternativ 1 fekk 2 stemmer.

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Ut frå prinsippet om lik handsaming av ulike trus- og livssynssamfunn, og med eit ønskje om å skilje tydeleg mellom kyrkjelege og statlege/kommunale organ, meiner Bjørgvin bispedømeråd at kyrkja sine val ikkje bør skje på same tid og i eit nærliggande lokale til dei offentlege vala]

### **Kap 6 Personvalreglar (sperregrense og stemmetillegg)**

#### **Høyringsspørsmål personvalreglar**

Jeg/vi ønsker fortsatt sperregrense og stemmetillegg ved valg av menighetsråd.

[Enig]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Ingen merknad]

Jeg/vi ønsker fortsatt sperregrense for Nominasjonskomiteens liste ved valg av leke til bispedømmeråd og Kirkemøtet. Dette forslaget innebærer også å beholde dagens ordning med stemmetillegg på lister fra nomineringsgrupper.

[Alternativ 1 Enig

Alternativ 2 Uenig]

Alternativ 2 fekk 8 stemmer, alternativ 1 fekk 1 stemme

Har du/dere merknader til dette spørsmålet?

[Alternativ 2: Det ryddigaste overfor veljarane er å ta bort sperregrense og stemmetillegg. Desse ordningane gjev mykje makt til dei som står bak listene.]

## Kap 7 Førehandsstemming

*Fire alternativ:*

1. *Beholde dagens regel om minst ett kirkekontor i fellesrådsområdet i ordinær åpningstid.*
2. *Fastsette et minstekrav til åpningstid per uke per sokn, for eksempel minst to timer forhåndsstemming per uke i forhåndsstemmeperioden i alle sokn.*
3. *Fastsette felles nasjonale tidspunkt for forhåndsstemming. Dette vil da være et minimumskrav, valgstyrene kan organisere mer forhåndsstemming enn dette.*
4. *Minimumskrav som er direkte rettet mot de gruppene som har minst mulighet til å stemme digitalt: det skal som et minimum gjennomføres forhåndsstemming på institusjoner som ligger i soknet og på minst ett arrangement rettet mot unge.*

## Høyringsspørsmål førehandsstemming

Hvilket alternativ ønsker du/dere? [3]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Førehandsstemming kan leggast til kvar gudstenestesøndag i perioden før førehandsstemming frå gudstenesta er slutt til kl. 14. Dette er enkelt å kommunisera og det vil gje førehandsstemming på fleire stader, det er kyrkjer i alle sokn, men ikkje kyrkjekontor alle stader.]

## 62/20 Høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd til forslag til forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	62/20

**Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

## **Votering**

Samrøystes vedtak

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om følgjande høyningsfråsegn:

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å uttala seg om forslaget til forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer.

Framlegget til forskrift legg til rette for ei vidareføring av ein praksis i saksbehandlinga som både sikrar at Den norske kyrkja kan behalda ansvaret for å godkjenna avhending, riving og ombygging ut over vanleg vedlikehald av alle kyrkjer, og kulturminnestyresmaktene får gje råd om slike tiltak knytt til listeførte, verneverdige kyrker. Dette støttar vi.

Rundskriv T-3/2000 dekkjer både det som er omtalt i denne forskrifta, men inneheld i tillegg reglar for saksbehandling på fleire andre område som er særstakt viktige for kyrkja og kyrkja og gravplassen sine omgjevnader. I høyningsnotatet side 5 står følgjande: Når det gjelder bestemmelsen i den tidligere kirkeloven om at: "I spredtbygd område er bebyggelse ikke tillatt nærmere kirke enn 60 meter uten tillatelse av departementet", konkluderte departementet i Prop. 130 L (2018-2019) med at det ikke var aktuelt å videreføre et tilsvarende forbud i trossamfunnsloven. Hensynet som regelen skal ivareta, bør i stedet vurderes innenfor plan- og bygningslovgivningen og det ordinære, lokale planarbeidet.

Det positive med denne formuleringa er at ein stadfestar at regelverket skal ivareta eit (viktig) hensyn, men «det ordinære, lokalet planarbeidet» er etter vårt syn ikkje godt nok til å ivareta dette hensynet, samanlikna med dagens regelverk.

### **Både kyrkjebygget og kyrkja sine omgjevnader treng vern**

Ein vesentleg del av forvaltninga av kyrkjene – kyrkja og gravplassane sine omgjevnader eller «kyrkjestaden» som heilskap, manglar heilt i den nye forskrifta. Dette kan bli regulert av eit nytt «kyrkjerundskriv», men høyningsnotatet seier lite om dette. Det er vesentleg at «kyrkjebyggforskrifta» og «kyrkjebyggrundskrivet» til saman verner både kyrkjene og kyrkjestaden. Bjørgvin bispedømeråd meiner at bispedømeråda og biskopane må høyrast også når eit slikt rundskriv blir laga.

Sidan heile det samla regelverket er viktig for å sikra vern av alle kyrkjer og kyrkjestadar, tek vi med ein del synspunkt som går ut over føremålet med kyrkjebyggforskrifta, men som vi meiner er viktige og relevante.

Bjørgvin bispedømeråd meiner at å knyta alt til plan- og bygningslova vil medføra ein høg risiko i forhold til ei mengd små installasjonar/bygg som i dag må godkjennast av biskopen eller bispedømerådet. Det kan til dømes vera ein port i kyrkjegardsmuren eller eit varmepumpelement som ikkje er ein del av sjølve kyrkjebygget, ein garasje eller eit stygt skur, anten dette står på gravplassen eller utanfor. Dette er små tiltak som ikkje utan vidare er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

For saker som krev søknad etter plan- og bygningslova, risikerer vi at dagens «vetorett» med biskopen si godkjenning blir erstatta av kommunal saksbehandling som vi av erfaring veit kan vera pressa av mange sterke interesser, ofte av økonomisk art.

I staden meiner Bjørgvin bispedømeråd at Den norske kyrkja som «særlovsregulert rettssubjekt utanfor staten», men med oppgåver på vegner av heile samfunnet, kan få heimel til å forvalta kyrkjene sine omgjevnader også i framtida. I dag har bispedømeråda rolle som regionalt statleg høyningsorgan med motsegnsrett i kommunale plansaker.. Bispedømeråda si rolle som regional høyningsinstans er heimla i Rundskriv Nr: H-2/14: Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven, der bispedømeråda er lista opp i eit vedlegg. Avinor AS er ein annan av partane som ikkje er eit vanleg offentlege etatar har ei slik rolle. Vi vil hevda at med si særskilte rolle som forvaltar av kyrkjebygga, må Den norske kyrkja kunna behalda rolla som høyningsorgan med motsegnsrett.

Riksantikvaren og fylkeskommunane har også motsegnsrett, men medan dei konsentrerer seg om freda og listeførte kyrkjer, er biskopen og bispedømerådet oppteken av omgjevnadene til **alle** kyrkjer, og for bispedømerådet sin del er også omsynet til alle gravplassar i tanken når ein uttalar seg om kommunale planar.

Frå 1. januar 2021 vil bispedømerådet også mista ansvaret for å forvalta godkjenningar etter gravferdslova. Det medfører ein risiko for at kyrkja som eigar av kyrkjegarden der gravplassane ofte ligg, ikkje har eit ord med i laget når statsforvaltar-embetet (noverande fylkesmann) godkjenner plan for gravplassen, med benker, lyktestolpar, bygg, portar og murar. Så lenge kyrkjeleg fellesråd forvaltar gravplassen, kan ein vona at dei tek slike omsyn i søknad om godkjenning av plan for gravplassen, men vår erfaring er at det av og til er nødvendig med ein godkjenningsinstans som har litt avstand til søker. Lovverket opnar dessutan for at kommunane kan overta forvaltninga av gravplassen, og der det skulle skje, er det viktig at kyrkja framleis får ha eit ord med i laget når det blir gjort vedtak om godkjenning av endringar i «hagen» til kyrkja.

### **Endringar på kyrkjebygg**

Endringar på kyrkjebygga eller avhending av desse, anten dei er verna eller ikkje, kan ha konsekvensar for gravplassen. På same måte som kyrkja ønskjer eit ord med i laget ved endringar på kyrkjestaden, vil det vera naturleg om lokal gravplasstyresmakt og statsforvaltar får høve til å gje sine innspel i saker som får konsekvensar for gravplassen.

Eit anna viktig omsyn gjeld tidlegare høyningsfråseigner der bispedømerådet har kravd at reguleringsplanar skal innehalda føresegner om at biskopen skal godkjenna all bygging nærrare kyrkja enn 60 m. I kva grad slike krav kan gjerast gjeldande når kyrkjelova går ut, må avklarast. Det må vera tydeleg kven som har ansvar for å godkjenna tiltak nær kyrkja.

### **Endring i forskriftsteksten**

VI har følgjande innspel til formuleringar i forskrifta:

§ 1, avsnitt 1: Forskriften gir regler om forvaltning av kulturhistoriske kirker og kirkesteder (evt. og deres omgivelser) tilknyttet Den Norske kirke, og som ikke er fredet etter kulturminneloven.

§ 1, avsnitt 3: Kulturhistoriske verdifulle kirker vil også kunne omfatte dens omgivelser i form av omliggende gravplass, definerende terrengplassering, siktzone eller bymessig harmonisert nabobebyggelse.

§ 4 Søknadspliktige er også tiltak som berører kirkens omgivelser og fast inventar som inngår i en kulturhistorisk sammenheng med kirkebygget, som altertavle, prekestol, døpefont, kirkebenker, orgel, kirkeklokker, kunstnerisk utsmykning mv.

## **63/20 Høyringssvar fra Bjørgvin bispedømeråd til forslag til regelverk om langtidsutleige av kyrkjer**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	63/20

### **Møtebehandling**

Tillegg til forslaget: Bispedømerådet skal også høyrast

### **Votering**

samrøystes

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd meiner det bør vera høve til å godkjenna langtidsutleige av kyrkjer og at det skal vera biskopen som behandler slike søknadar.

Søknad om utleige kan komma frå soknerådet, fellesrådet eller tilsvarande organ i kyrkjeordninga. Begge desse instansane, bispedømerådet og andre berørte partar, som gravplassforvaltninga, skal uttala seg eller høyrast før biskopen gjer vedtak.

Det bør opnast for at dei organa som kan søkja om langtidsutleige, også kan klaga. Kyrkjerådet bør vera klageinstans.

## **64/20 Bjørgvin bispedømeråd - høringsnotat - endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler (1) Kirkeordning for Den norske kirke**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	64/20

## **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

### **Votering**

Samrøystes vedtak

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd støtter Kirkerådets forslag til endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler.

### **Orienteringssaker**

#### **65/20 Høyring om særskilte reglar for digital førehandsstemming - uttale frå Bjørgvin bispedømeråd**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	65/20

## **Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:**

### **Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Orienteringssakene vart teke til vitande

#### **66/20 Uttalelse fra LO Vestlands regionkonferanse.**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	66/20



Uttalelse fra LO  
Vestlands regionkonferanse

## Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 13.11.2020:

### Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Orienteringa vart teke til vitande

### 67/20 Delegerte vedtak - Bjørgvin bispedømeråd møte 13. november 2020

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	67/20

### Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd tek dei delegerte vedtaka til orientering.

### Tilsettingssaker

### 68/20 Tilsetjing - sokneprest i Sogn prosti med Hafslo, Solvorn og Fet og Joranger som tenestestad

*Behandling i møte ikkje offentleg etter offentlighetsloven Offl. § 25 første ledd*

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.11.2020	68/20

### Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vel å lyse ut stillinga på nytt.